



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10740 - 23/13244

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
16.02.2023

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsat iverksetting - gbnr 214/32 Fyllingsnes

Tiltak: Dispensasjon - fritidsbustad/veg
Byggjestad: Gbnr: 214/32
Tiltakshavar: Helge Magnus Erdal
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar rettidige klage på vedtak om dispensasjon frå plankrav for frådelling av 3 tomter til fritidsføremål innan rett tid den 25.10.2022.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø. Møta vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Møtet vert streama på Alver kommune TV. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av politisk i sak 21/10740 med saknr. 122/22, datert 05.10.2022, om dispensasjon frå byggjegrænse i 100 meters beltet langs sjøen, arealføremålet LNF og krav om parkering for oppføring av fritidsbustad og etablering av

tilkomstveg - gbnr 214/32 Fyllingsnes. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta har Utval for areal, plan og miljø (APM) tatt klagen frå tiltakshavar til følge og gitt dispensasjon frå byggjegrænse i 100 meters beltet langs sjøen, arealføremålet LNF og krav om parkering for oppføring av fritidsbustad og etablering av tilkomstveg. Det er ikkje søkt om løyve til frådelling per dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt sløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte den den 05.10.2022 med saknr. 122/22.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren i Vestland kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger